

Statens Vegvesen
Region Vest

Sendt til: firmapost-vest@vegvesen.no

Eikangervåg, 12.12.2018

Svarbrev / kommentar til uttale dispensasjon STV – gbnr. 245/9 og 14

Me viser til dykkar uttale datert 29/11-18 med referanse 18/169688-4.

Tiltakshavar er i utgangspunktet ikkje einig i STV si vurdering, me vil her grunngje kvifor og legg ved dokumentasjon i vedlegg Q-1(2).

Vår vurdering er framleis at det er 2 lovlege fritidsbustader på eigedomen, slik det har vore i over 50 år. Dette er også slått fast av Lindås Kommune i si oversending av saken til uttale datert 01/11-2018 der dei skriv:

I følgje tiltakshavar er gbnr 245/9 er naust/hytte nærast sjøen oppført i år 1947. Fritidsbustad gbnr 245/14 er oppført i 1960. Kommunen legg til grunn at bygga er eldre enn 1965 (tidspunktet da første bygningsloven trådte i kraft) er lovleg oppført utan krav til søknad og utan krav til ferdigattest.

Vidare anser vi det som dokumentert - gjennom vedlagte avtalte - at avkjøringsløyve var gitt av STV i 1977 i forbindelse med utviding av Strandavegen.

Basert på at begge fritidsbustadene er lovleg oppført og tatt i bruk før dette legg vi til grunn at inngått avtale om / løyve til avkjøring gjeldt begge. Dette er også underbygd av ordlyden i brevet der det vert referert til «våre tomter».

Me ber om at STV ser på saka ein gang til med bakgrunn i denne dokumentasjonen, ved behov for ytterlegare dokumentasjon ta gjerne kontakt.

Med vennlig helsing



Lars Alvær Hagesæter
Ansvarleg søkjar

Kopi: Lindås Kommune - postmottak@lindas.kommune.no

